



Leiarmøte NKØG Lundamo 22. juni 2024 kl. 17.00-18.30

Til stades:	Aud Irene Hindbjørg, Budal songlag, Elin Rise, Damekoret Uredd, Sarah Jakobsen Enodd, Hauka Dekorum, John Olav Røphaug, Haltdalen Mannskor, Torbjørn Flatås, Hauka Mannskor, Mona Bollandsås, Hovinkoret, Gjertrud Løhre, Kvål Songlag, Anne Grete Hansæl, Kvikne Songlag, Signy Thomassen Stendal, Meldal Songlag, Jan Inge Flaa, Rennebu mannskor, Mari-Brit Bjerkan, Rognes Songlag, Sigrid Marie Hanshus, Sangkoret Samhald, Heidi Digre, Singsås damekor, Marthe Eid, Korista
Ikkje til stades:	Sangkoret Lundarljom (opptatt med øving på underhaldning)
Frå styret i NKØG:	Mette Storseth, Lars Nesheim

Lars ynskte velkommen, oppfordra til å ta opp det kora var opptatt av. Det vart servert vin, øl og snacks. Alle deltakarane presenterte seg sjølve, og sa litt om status for kora.

Ting som kom opp i presentasjonen:

- ✓ Singsås damekor manglar dirigent frå hausten
- ✓ Haltdalen mannskor vil halde fram med dirigentvikar Øystein Løvli
- ✓ Det ser ikkje ut til at Budal songlag vil klare å starte opp att i haust
- ✓ Hauka dekorum feirar 30 år i 2025, vil markere med jubileumsshow og tur
- ✓ Hovinkoret planlegg kabaret i februar

Status søknader om støtte frå Sparebanken

Ikkje hadde alle kora hadde søkt. Dei som hadde søkt, fekk om lag kr 1.000 per medlem.

Nytt frå Norges Korforbund

Det var Landsmøte i Norges Korforbund (NK) i Stjørdal i april. NKØG var representert ved vår nestleiar Hallstein Jakobsen Enodd. Trond Håskjold vart attvald som president for to år. Rune Frank Brunslid er generalsekretær. Det vart vedteke ein handlingsplan for 2024-2026. Mange av oppgåvene som vart vedtatt for distriktsledda, er me allereie i gang med, eller me har dei på vår handlingsplan. Eit underskot i 2022 er snudd til overskot, og det betyr mellom anna at det vert ingen endring i medlemskontingenten. NK har inngått ein sentral avtale med KOPINOR. Det betyr at alle kor må betale knapt 30 kroner per medlem for kopiering. Norges Korforbund vedtok ein resolusjon om spelemidlar, der dei ber om at det vert laga ei eige føreskrift om spelemidlar til kulturføremål. Heile overskotet må setjast av til det sivile samfunn, frivilligheita og andre ikkje-kommersielle kulturføremål.

Etablere støtteordning for korsongarar?

NKØG har ei ordning med stipend for dirigentar. Lars lufta tanken om me skal etablere ei tilsvarande ordning for korsongarar, for eksempel til dei som vil delta på sommarkorskolen. Forslaget vart godt mottatt, styret må leggje fram ei sak på årsmøtet.

Orientering om landsdelssamling på Nordpå

NKØG skal vere vertskap for tilsette og styremedlemmer i distriktsledda NK Trøndelag Nord, NK Trøndelag Sør, NK Nordmøre og Romsdal og NK Sunnmøre. Me har engasjert Haltdalen mannskor til å underhalde på laurdagskvelden.

Leiarsamling i november

Me vart einige om søndag 10. november kl. 18 på Kroa, Støren. Tema vert bestemt seinare, men me må behandle innspel frå dirigentane på korleis ein skal gjennomføre songarstemna.

Tidspunkt og stad for årsmøte

Me har gjennomført årsmøta i første halvdel av februar. Det er kome opp ynskje om å utsetje årsmøtet til mars. I 2025 vert VM på ski avslutta søndag 9. mars. Eit aktuelt tidspunkt kan vere søndag 16. mars. Det var einigheit om å leggje årsmøtet til Kvikne.

Dirigentstipend – ikkje fast søknadsfrist?

Søknadsfristen for dirigentstipend er 10. november. Heidi Digre foreslo at det ikkje skal vere noko søknadsfrist, styret kan behandle søknader fortløpande til vedtatt ramme er brukt opp. Merknad frå Lars: Ein må drøfte konsekvensane av ei eventuell slik omlegging. Vert ordninga meir eller mindre forutsigbar? Eitt alternativ kan vere å behalde søknadsfristen, men at ein kan ta i mot søknader seinare om ramma ikkje er brukt opp (slik det var sist år). Dette bør drøftast på leiarmøtet i november. Må også takast opp med dirigentane.

Gauldalstunet under Ski VM

Berre nokre kor har meldt interesse. Det er plass til fleire, ta kontakt med Heidi Digre

Hovin 28. juni 2024

Lars Nesheim